
NOTAT

Til:

Tone Merete Lillebø

Frå:

Tone Merete Lillebø

Dok.dato: 21.11.2018**Vår Ref: 18/302-38**

UTFYLLANDE INFORMASJON RUNDT OPPBUDDSJETTERING AV RINGSTAD SKULE

Endring i spesialundervisningstiltak frå skuleåret 2017 – 2018 til 2018-2019 pr mai 2018 og søknad frå Ringstad skule om meir ressursar:

I etterkant har det kome til fleire ressurskrevjande vedtak. Det er difor lagt inn ytterlegare ei lærarstilling i budsjettframlegg for 2019.

	Spesialundervisning 2017-2018		Spesialundervisning 2018-2019	
	Lærartimar	Assistenttimar	Lærartimar	Assistenttimar
1.klasse	16	16	66	52
2.klasse	22	24	47	34
3.klasse	34	24	22	29
4.klasse	22		69	32
5.klasse	32	18	22	
6.klasse	15	10	44	17
7.klasse	26		22	10
Sum	167	92	292	174
Stillingar	6,6	2,4	11,6	4,6

Søknad frå rektor om utviding av ressursar. Dette vart for 2018 dekkja i drift ved bruk av midlar frå bunde fond.

SØKNAD OM BUDSJETTENDRING – TILFØRING AV EKSTRA DRIFTSMIDLAR I HØVE BARN MED SÆRLEGE BEHOV.

I løpet av 2018 har det kome fram at Ringstad skule får ei større utfordring komande skuleår enn det ein først såg føre seg . Skulen har dei siste åra fått elevar med store utfordringar, og for neste skuleår kjem åtte nye elevar med særlege behov. HOK vart orientert i møte på Ringstad skule den 8.mai.

Det ekstra behovet for Ringstad skule vert derfor såleis:

Ringstad skule må tilførast midlar for å kunne finansiere følgjande:

- Ei stilling som lærar med 100 % stillingsstorleik.
- Ei stilling som miljøterapeut i 100 % stillingsstorleik.
- Ei stilling som assistent med 80 % stillingsstorleik.

Fleire elevar med særlege behov gjer også at skulen får større bruk for grupperom, då fleire av elevane treng skjerma tilverelse. Dette medfører at skulen må ominnreie eit klasserom til tre grupperom, i tillegg til at eit eksisterande grupperom må delast i to.

Ringstad skule må tilførast midlar for å kunne finansiere følgjande:

- Fire nye grupperom med kostnad på inntil kr. 225.000,-